

KAIA & KARIM

# FORBRYTARJAKTA



loop  
MILJØ-  
SKOLE



## UKJENTE LYDAR

Kaia og Karim går i same klasse. Begge speler fotball. No har dei vore på trening og går heimover frå idrettsplassen. Dei har spelt mot kvarandre.

- Eg skulle gjerne spelt ein time til, seier Kaia.
- Då hadde laget mitt vunne, seier Karim.
- Eg skulle akkurat til å skru ballen i mål.
- Skrythals, ler Kaia. — Først til bru!

Brua går over ei lita elv. Der pleier ender å svømme fram og tilbake og dukke etter planter. Kaia og Karim må over bruua for å kome heim.

Dei går fort utan å snakke så mykje. Dei er svoltne, og sola har gått ned. Det er ikkje mørkt, men den lyse dagen har lagt seg.

Då skjer det noko som får dei til å stanse. Rare lydar kjem frå ein stad dei ikkje kan sjå. Skraping og lydar som dei ikkje kjenner att. Sakte går dei framover, stille og forsiktig.

Lydane kjem frå bruua. Nokon dreg noko bortover. Det kjem eit brak, og så endå eit brak.



## EIT BROTSVERK

Kaia og Karim kastar seg ned på bakken. Dei vil ikkje at nokon skal sjå dei. To menn står på bruа. Mennene løftar ting ned frå eit lasteplan. Dei dreg eit kjøleskap bortover bruа og lempar det utfor kanten. Bildekk, syklar og pizzaesker går same vegen.

- Det der er då heilt ulovleg! kviskrar Kaia.
- Sjå alt dei har på lasteplanet. Går det i elva eller i skrāninga, trur du? kviskrar Kaia lågt.
- Det kan eg ikkje sjå, seier Karim. Han er litt

uroleg.

- Skal vi rope til dei? Kaia er klar.
- Nei, nei, vi kjenner dei ikkje! åtvarar Karim.

Dei lagar ikkje ein lyd, og dei våger så vidt å pustе.

- Vi noterer bilnummeret, seier Kaia!
- Kaia tek fram ein liten blyant frå lomma.

- Papir?
- Skriv på fotballen!

Mennene køyrer vekk.

## EIT STYGT SYN

Kaia og Karim trur ikkje det dei ser!

- For ein haug! Så enormt mykje dei kasta frå seg! stønnar Kaia.
- Er det mogleg? Det er heilt vilt! ropar Karim.

Han står stille og ser. Hermetikkboksar, aviser, plastposar og kjøleskap, glas og bildekkt. Det er eit berg. Han ristar på hovudet.

- Dei har jo bil. Kvifor kan dei ikkje like godt køyre dette til gjenvinningsstasjonen? Noko så stygt!
- Så grisete, for det er mat der også, seier Kaia.
- Eg synest eg ser ei rotte.

— Det er farleg avfall her, seier Karim og peikar på ein PC.

- Kjøleskap også, seier Kaia.
- Det kan renne mykje gift ut i elva og forgifte naturen.

— For nokre grisar!


— For nokre miljøsvin!

— Vi må heim og seie ifrå!

- Vi har jo bilnummeret på fotballen, seier Kaia og held han godt fast.

Dei går heim til Kaia, for ho bur nærmast. Dei fortel dei vaksne kva dei har sett. Mora ringer til politistasjonen. Politiet vil ha rapport neste dag.





## PÅ POLITISTASJONEN

Dagen etter går Kaia og Karim til politiet og fortel kva dei har sett.

- Veldig fint at de kom, seier politibetjenten.
- Dette er ei viktig sak. De har oppdagat eit svært stygt tilfelle av det vi kallar miljø-kriminalitet. Det var veldig lurt at de noterte bilnummeret. Vi skal jobbe vidare med denne store saka. Over heile landet kastar folk avfallet sitt i skogen og i vegkanten. Eller i bekkar og elver. Det er ikkje lov. Alle kommunar har stader der det er mogleg å levere avfall.
- Her er bilnummeret vi tok, seier Kaia og

peikar.

— Å, nei! Dei fleste tala er vekk. Det står berre DF 93. Resten er borte.

— Då får vi ikkje tak i dei!

Karim er fortvila. Han var sikker på at forbrytarane kom til å bli fanga og stoppa.

— Det kan hende vi finn dei likevel, seier politibetjenten.

— Det kan vere spor i det dei kasta frå seg. Og litt av eit bilnummer er betre enn ikkje noko bilnummer. Vi sender dei opplysningane vi har, til patruljebilane. Takk for at de kom! Fortsett å følgje med!



## I AVISA

Kaia og Karim er på skolen. Læraren kjem inn i klassen og ser veldig løyndomsfull ut. I hendene har ho eit nettbrøtt og fleire brev.

- I dag kan vi være stolte, seier ho og smiler.
- I klassen vår er det to som vert berømte.

Ingen forstår kva ho meiner. Ikkje Kaia og Karim heller. Men det er nettopp dei læraren peikar på.

- Kom hit og les for oss, seier ho.

Karim les frå nettavisa:

«Alle takkar dei unge heltane. Det finst folk som ikkje gidd levere avfall der dei skal. Dei slenger det frå seg i vatn, elver, grøfter og skog. Det er stygt, og det øydelegg naturen. Politiet seier det er sannsynleg at forbrytarane vert tekne, takka

vere Kaia og Karim..»

Læraren gir breva til Kaia, som opnar dei.

- Det er invitasjonar, seier ho. — Vi skal få kome og sjå korleis avfall kan bli til nye ting!
- Invitert? Kvar? Klassen vil høyre meir.
- Det er ein fabrikk der dei tek mot gamalt glas, trur eg, seier Kaia. — Dei vil at vi skal kome dit. Dei vil vise oss kva som skjer med flasker og syltetøyglas, etter at dei er samla inn! Det er fleire invitasjonar.
- Du og Karim får fri, seier læraren. Det er viktig å lære om kva avfall kan bli til.
- De må fortelje oss kva de har lært, når de kjem tilbake.

KJÆRE KAIA OG KARIM

DE GJORDE EIN FLOTT INNSATS  
FOR MILJØET DÅ DE SA FRÅ TIL  
POLITIET OM BILEN SOM VAR UTE  
PÅ EIN ULOVLEG TUR. SOM EI TAKK  
VIL VI INVITERE DYKK PÅ EIN HEILT  
ANNAN TUR - TIL  
GJENVINNINGSSANLEGGET.

DET VIL BLI EIN HEIL DAG DÅ DE  
VIL FÅ SJÅ AT ALT SOM VERT  
KASTA, KAN BLI TIL NOKO NYTT OG  
NYTTIG.

VONAR DET PASSAR AT VI HENTAR  
DYKK PÅ SKOLEN. OG SJØLVSAGT  
VERT DE HENTA AV EIN  
RENOVASJONSBIL!!

---

## TING MED LEIDNINGAR OG BATTERI


Kaia og Karim besøker ein fabrikk der folk tek frå einannan mange slags apparat og sorterer delane.






---

## PLASTEMBALLASJE

Kaia og Karim ser korleis plastemballasje vert kverna og smelta om til nye fine ting. For eksempel kan innsamla plastemballasje bli til ei blomsterpotte.









## GLAS OG METALLEMBALLASJE

Kaia og Karim besøker også ein fabrikk som tek imot glas og metall som det har vore mat og drikke i. Ragnhild viser dei rundt.

— Boksane og glasa vert smelta før dei blir til

nye ting, seier Ragnhild. Nokre av dei gamle bok-sane vert til nye hermetikkboksar. Medan andre kan bli til delar av ein sykkel.

- Sjå på alle dei små glasbitane! seier Kaia.
- Ja, seier Ragnhild. — Vi lyser på dei med eit




spesielt lys, og då sorterer maskinen dei i store og små og bitte små bitar. Og maskinen sorterer dei etter fargen.

- Kva gjer de med glasbitane? spør Karim.
- Vi sender glaset til ein fabrikk som smelter det

og lagar nye glasflasker og syltetøyglas. Glasbitane kan bli til veldig mange ting.


Dei bitte små glasbitane blir til Glasopor, som ein kan bruke om ein skal byggje hus og nye vegar.



## PANT

Kaia og Karim besøker ein fabrikk som tek mot drikkeflasker av plast. Flaskene vert kverna til små plastbitar. Nokre av plastbitane blir til nye flasker. For å lage nye plastflasker vert plastbitane


smelta om til små reagensrør. Ein maskin blæs opp reagensrøyra til flasker og fyller dei til slutt med drikke.



## KARTONG

Kaia og Karim kjem på besøk til ein papirfabrikk som tek mot drikkekartongar. Kartongane vert kverna opp og lagde i vatn til dei løyser seg opp. Papirsuppa vert silt, pressa og varma, slik at alt vatnet blir borte.

Vips, så har vi nytt papir på digre rullar. Det nye papiret kan mellom anna bli til nye pizzaesker.





## LEIKER

Kaia og Karim kjem attende til skolen og fortel klassen om alt.

— Vi må sortere det som skal kastas, seier Kaia.  
— Då kan det lagast nye ting. Til dømes kan syltetøyglas bli nye syltetøyglas. Glas kan knusast og brukast om og om igjen. Då sparer vi naturen, og vi sparer energi. Det er bra for jorda vår.

— Er det nokon her som har øydelagde leiker som har brukt batteri? spør Karim.

Alle i klassen har det.

— Vi kan ta dei med hit til klassen. Leikene og batteria leverer vi på ein gjenvinningsstasjon eller i ein leikebutikk. Då går dei til den

fabrikken som tek frå einannan TV-ar og PC-ar og alt som bruker straum og batteri.

Alle tek med seg leiker på skolen. Nokre freistar å ta dei frå einannan. Det er stoff utanpå. Inni er det plast, leidningar, metallbitar og batteri.


— Her er det mykje å sortere, seier Kaia.

— Ting, ting, ting, seier Karim. — Det blir så mykje skrot. Det viktigaste er å ha ein fotball.

— Og noko som spelar musikk, seier Kaia.

— Eg sparer til sykkelen, seier Karim.

— Kanskje han kjem til å verte laga av gamle hermetikkboksar, seier Kaia.



## EIN LUR PLAN

Klassen skal reise på tur. Dei har ei pantetønne i klasserommet. Der legg dei tomme drikkeflasker og drikkeboksar. Nokre tek dei med seg heimanfrå. Nokre finn dei ute. Dei skal pante dei og få mange pengar som dei kan bruke på turen. Kanskje tusen kroner.

— Pant alt! Alltid! seier Kaia.

Karim har nettopp hatt bursdag. Han har fått mange leiker, men ingen pengar til sykkel. Han har tatt med nokre av leikene på skolen.

— Sjå her, snakk om å vere godt pakka inn, seier han og viser fram den eine etter den andre. — Nesten ikkje til å få ut, seier Kaia.

— Plast og papir er limt saman, og det er ikkje lett å sortere papir og plast i kvar si eske.  
— Når eg skal ha bursdag, skal vi finne på noko heilt anna, seier Kaia. — Eg treng ikkje gåver. Vi kan heller gjere noko morosamt!

— Kva då? spør Karim. — Sparke fotball? Ja!  
— Nei, nei, noko heilt anna. Alle må vere med. Kaia dei andre i klassen kva dei vil. Det kjem mange gode forslag:  
— Vi kan kle oss ut!  
— Vi kan ha monsterfest!  
— Eller detektivfest!  
— Monsterdetektivfest!



## FORBRYTERNE KJEM TILBAKE

Det blir monsterdetektivfest. Klassen får låne klasserommet til festen – om dei ryddar opp veldig fint og det er vaksne med. Dei får låne kjellaren også! Der deler dei seg i to lag. Nokre skal gøyme seg. Nokre er detektivar. Dei har med seg lommelykter. Dei som gøymer seg, er stille som mus. Dei som leitar, listar seg sakte gjennom romma. Det er skikkeleg skummelt.

Plutseleg kviskrar Kaia:

— Hysj, bilen er her!

Monstera kjem fram frå krikar og krokar.

— Bilen? seier ei kviskrande røyst.

— Dei to mennene som kasta så mykje i elva!

Det er det same bilnummeret! DF 93 og noko!

Dei rullar bildekk bort mot søppelkassene våre.

— Eg tør ikkje vere her! seier ei anna monsterrøyst.

Kaia tenkjer seg om litt.

— Kanskje vi kan skremme dei? Vi listar oss opp trappa, og så tel vi til tre før vi spring ut døra og skrik alt vi kan!

— Jaaaaa! kviskrar alle monstera oppglødde.

— Monstergjengen med monsterbrølet!

Dei listar seg opp trappa og står tett saman. Ikkje ein lyd er å høyre. Ikkje ei rørsle å merke.



SKRIKET


Bang! Døra går opp med eit brak. Krokodiller og vampyrar, hekser og monster kjem som ein eksplosjon ut av døra. Frå denne flokken kjem eit skrik så uhyggeleg og så høgt og så skremmande at alle fuglar flyg sin veg. Alle som bor i husa i nærleiken, kjem til vindauge sine. Dei som har vindauge opne, lukkar dei. Dei som har vindauge att, opnar dei.

- Uæææuææoææææáií
  - Iiiiiimiiimiiimiiimimiiiiii!
  - Vrææææææ!!! Hyyyyyyyyyy!!
  - Ååååååååååååååiiiiiiiiiiiiiijåjåjåjåjåj!



Foreldra ringer til politiet. Denne gongen vert forbrytarane tekne. No er det ikkje berre Kaia og Karim som kjem i avisat. Det er heile klassen.

# KAIA OG KARIM LÆRER OM AVFALLSPYRAMIDEN



**AVFALLSREDUKSJON** Mindre avfall er det beste. Alt vi kjøper og bruker, blir før eller siden til avfall. Det vert mindre avfall om vi lar vere å kjøpe ting vi ikke har bruk for.

**OMBRUK** Vi bør ikke kaste det som kan brukast av nokon. Vi kan til dømes gi bort ski, støvlar, sykler og klede, når ting er vortne for små.

**MATERIALGJENVINNING** Vi bør bruke om att det som tinga er laga av. Vi kan smelte ting som er laga av plast, og lage nye ting. Vi kan lage kompost.


**ENERGIUTNYTTING** Vi kan brenne avfall. Då vert det laga varme. Varme og energi. Mange varmar vatn ved å brenne avfall.

**DEPONERING** Dette vil vi ha minst av. Vi vil legge minst mogleg avfall på fylling.

---

## KORLEIS SKAL VI LAGE MINDRE AVFALL?

Sjå på avfallspyramiden. Kva kan vi gjere for at det skal verte mindre avfall? Tenk på kva klassen din kan gjere. Tenk på kva du kan gjere. Tenk på kva familien din kan gjere.




A large, horizontal dotted line spanning most of the page width, intended for children to write their answers to the question about how to reduce waste.

SKRIV  
ELLER  
TEIKN

---

## KORLEIS SORTERER DEI AVFALL PÅ SKOLEN DIN?



A large, horizontal dotted line spanning most of the page width, intended for children to write their answers to the question about how to sort waste at school.

SKRIV  
ELLER  
TEIKN

FINST  
OGSÅ PÅ  
BOKMÅL



KUN  
DIGITALT

## HEFTA ER GRATIS!

Du kan tinge dei på [miljøskole.no](http://miljøskole.no)  
Eller ta kontakt med LOOP:  
skole@loop.no

Forfattar **Jorun Gulbrandsen**  
Illustratør **Johnny Likvern** frå **Barnebokfabrikken**  
Omsetjing til nynorsk **Gudmund Anders Dalsbø**

Utgivar **LOOP**  
Layout **Jenny Kyvik Hutchens**  
Trykk **Døvigen AS**  
Utgitt **2017**

LOOP Miljøskole vert gitt ut med støtte frå Klima- og miljødepartementet

Heftet er trykka på resirkulert papir

